



THE LUTHERAN  
CHURCH IN HUNGARY  
NORTHERN DIOCESE

# VENSKAPS- OG SAMARBEIDSAVTALE



**Nordre bispedøme i Den evangelisk lutherske kyrkja i Ungarn og Møre bispedøme i Den norske kyrkja er samde om å vidareutvikle fellesskapen mellom bispedøma.**

Den første avtalen om samarbeid vart underteikna i år 2000, og har gjennom åra utvikla gode møtestader for å styrke relasjonen.

Med avtalen ønskjer vi å dele liv og erfaringar frå kyrkjene våre og vi vil lære av kvarandre gjennom å dele kristen kjærleik og tru. Vi er samde om at vi vil:

- ❖ Be for kvarandre som eit uttrykk for den åndelege grunnvullen for fellesskapen vår.
- ❖ Skape høve til vedvarande teologisk samtale, refleksjon og debatt omkring dei ulike tradisjonane våre.
- ❖ Etablere og utvikle kontakt mellom kyrkjelydar, kor og grupper av ungdom i bispedøma våre.
- ❖ Utveksle erfaringar i praktisk teologisk arbeid som diakoni, undervisning, presteteneste, misjon, arbeid med minoritetar og innflyttarar, kyrkjemusikk, kultur og ungdomsarbeid .  
–ved å invitere kvarandre til pastorale og møter og til konferansar med særlege tema.
- ❖ Utvikle et konsept for pilegrimsturer som konkret konsekvens av at vi vandrar og tilber saman som Kristi disiplar i denne verda.
- ❖ Oppmuntre til studieopphald og gje høve til rekreasjon eller ferieopphald for kyrkjelege medarbeidarar.
- ❖ Dele informasjon om viktige hendingar i kyrkjene våre og om teologisk, kulturelt og diakonalt arbeid. Utforske emne som er relevante, både for kyrkjarahistoria vår og som er aktuelle i tida.
- ❖ Legge til rette for å besøke kvarandre.

*«Eit nytt bod gjev eg dykk: De skal elska kvarandre. Som eg har elska dykk, skal de elska kvarandre. På det skal alle skjønna at de er mine læresveinar: at de har kjærleik til kvarandre.» (Joh 13:34-35)*

Underteikna i Cegléd, den 11. mai 2019

  
Ingeborg Midttanme

Bishop of the Møre Diocese

  
Dr. Tamás Fabiny

Bishop of the Northern Diocese